



Atle Nordanger
Nordbøvegen 34
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1654 - 17/1014

Saksbehandlar:
Jill Kristin Grindheim Bøe
jill-kristin.boe@radoy.kommune.no

Dato:
25.01.2017

Referat frå møtet i foreldreutvalet (FAU) 24.01.17

Saksliste:

- A) Gjennomgang av førre møtereferat, samt status sidan sist
- B) Anna
INGEN MERKNADER TIL INNKALLING

1. Skulekyss for born i området Sætre/ Grindheim/ Helland
FAU har kontakta Skyss mtp om dei kan omorganisere ruta litt, slik at borna i dette området har eit busstilbod. FAU har ikkje nådd fram til Skyss med dette forslaget. Rektor sendte mail til Skyss 10.01, men fekk same tilbakemelding som foreldra/ FAU har fått tidlegare. Rektor ser vidare på dette, og håpar at Skyss kan ha litt velvilje, då det er så små endringar i ruteplanen til Skyss som her skal til.
2. Vakter ute i friminutt.
Skulen har ei god vaktordning, og dei vaksne er bevisst på kva dei skal sjå etter. Rektor er også ute i periodar, i tillegg til dei som er satt opp.
Ny regel: på fotballbana får ein "gult kort" (bortvist resten av friminuttet) ved dårleg oppførsel, som stygg ordbruk e.l.
3. Prioriteringsliste på saker i FAU.
Dette kom opp som eit ønskje på førre møte, der FAU tek seg av denne biten. Ikkje klar pr 24.01.
4. 17. mai tilstelling.
FAU kontaktar ansvarleg ved HIL i god tid, mtp gjennomføring.
Rektor ser dette punktet som avslutta.
5. Mobilmast på taket av gymsal.
Rektor viste skriv frå Harald Stanghelle, samt viste til rapport. Denne vert vidare sendt til FAU sin e-post.
Rektor ser denne saka som avslutta.

6. Skulegudsteneste. Viktig å halde på denne tradisjonen. Rektor viste til skriv alle foreldra fekk i des- 2016.
Rektor ser denne saka som avslutta.
7. Leige av gymsal. Ønske om at inntektene vert tilbakeført til Hordabø skule og vert brukt til feks oppgradering av uteområdet.
Rektor viste til svar frå økonomisjef i Radøy kommune, og vedtak frå kommunestyret.
Rektor vil uansett ha fokus på ei oppgradering av uteområdet. Ser på saka som avslutta.
8. Etterlyser knagger i gang v/ inngang til gymsal for å henge i frå seg yttertøy.
Rektor informerte om at dei 2 garderobane v/ gymsalen skal nyttast til dette. Ser på saka som avslutta.
9. Utvikling av uteområdet.
Rektor foreslår at ein sit ned ei eiga foreldregruppe, som har "ansvaret" for å hjelpa til med utvikling av uteområdet. Dugnadsdager, søkje midlar osv.
Rektor informerte om at det no kjem eit 4 mtr høgt gjerde på heile langsida av fotballbana, samt 5 mtr bort på den eine kortsida (frå hjørne og bort til port). Nota som heng i dag er ei kortsiktig og lite ideell løysing. Det er difor no teke aksjon på dette, og nytt gjerde er på plass innan eit par veker iflg leverandør.
10. Juleavslutning
FAU ynskjer at skulen ser på om det kan la seg gjennomførst som ei felles avslutning for heile skulen, jula 2017. FAU organiserer med tillaging, opprydding osv. FAU kontaktar HIL, mtp leige, pris osv. Skulen har ansvaret for sjølve gj. føringa.
Rektor har hatt dette oppe på personalmøte, og skulen tek opp att "denne tråden" til hausten att.
Rektor ser saka som avslutta for dette skuleåret.
11. Oppmøte i FAU- møtene. Ikkje alle som kjem. Viktig då at ein kallar inn vara om ein ikkje kan møte. Jill- Kristin sender ut innkalling som ranselpost, mail osv.
12. Det vert etterlyst meir skap/ hyller i garderobane.
Rektor har hatt befarung med lærarar og vaktmeister for å sjå på dette. Det er trangt/ til dels liten plass. Rektor har påpeika at det er viktig med god orden og ryddigheit.
13. Parkeringstilhøva ved skulen. FAU meiner dei ikkje er tilstrekkeleg.
Rektor oppfordrar til at dei eldste elevane som bur i nærområdet, går til og frå skulen. Rundkøyninga må ikkje brukast til parkering, kun av og påstigning.
Rektor har i tillegg vore i kontakt med Hordaland fylkeskommune, samt statens vegvesen, vedr ein fotgjengarovergang frå byggjefeltet og over til skulen. Ein lang og litt "tung" diskusjon med desse instansane har no resultert i at Statens vegvesen vil gjennomføra ei teljing på kor mange born som går dette aktuelle vegpartiet.
14. ANNA:
 - a) Mange engasjerte foreldre. Det sit rektor, og skulen elles, stor pris på. Fortsett slik. Det er svært viktig at foreldra er engasjerte, positive og bidrar til at Hordabø skulen er ein god stad for borna å vere.
 - b) Foreldreundersøkjinga, hausten 2016.
15 foreldre blei i haust oppringt og fekk spm om korleis dei oppfattar Hordabø skule (trivel, læring osv.)
Generelt gode og positive tilbakemeldingar.

- c) Mobiltelefon. Skulen ser ein aukande tendens til at born har med seg tlf på skulen. Skulen oppfordrar heimane til at denne ligg att heime, og at ein kun tek den med seg om det er heilt nødvendig.
- d) Tilbakemelding frå nokre elevar og foreldre om at det er ubehageleg å vente på bussen, mtp eksos frå bilar som står rett attmed med motoren i gong. Fint om dei aktuelle tek omsyn til dette, ved å køyre litt vekk/ slå av motoren.
- e) "Barnas plattform": kurs på Hordabø skule 22. febr kl 18-20. Info vert sendt ut på mail til FAU og FAU vidareformidler denne informasjonen til alle foreldra på skulen.
- f) FAU ynskjer at skulen nyttar kompetansen til lokale bedrifter/ personar i undervisninga, som f.eks spleising av tau m.m. Rektor oppfordra dei ansatte om akkurat dette på personalmøtet 21. nov 2016
- g) Neste møte vart først avtalt den 21.03, men etter tlf frå FAU dagen etter, vert nytt og endeleg FAU- møte den **14.03 kl 16:30- 17:30**

Ref.

Ståle Villanger, rektor

Med helsing

Ståle Villanger
rektor Hordabø skule

Jill Kristin Grindheim Bøe
sekretær Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Nordanger	Nordbøvegen 34	5937	BØVÅGEN
Bjarte Rosenlund	Bøtjørnvegen 104	5937	BØVÅGEN
Britt Iren Låstad Myking	Bøtjørnvegen 112	5937	BØVÅGEN
Eirin Misje	Skjenet 37	5936	MANGER
Knut Magnus Haugland	Listveitvegen 51	5937	BØVÅGEN
Miriam Helland	Bøvågen 51 A	5937	BØVÅGEN
Tormod Grindheim	Postboks 74	5936	MANGER